



Møtereferat

Møte nr. 1 i: Utval for eigarskapsmodellar	Dato: 09.11.2017	Tid: Kl. 09.00 – 12.00
Møteleiar: Atle Dåvøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: 1. Atle Dåvøy 2. Kari-Anne Landro 3. Helene Morland 4. Daniel-Victor Sandvik	Forfall: Egil Haaland	
Andre: Atle Justad (vararepresentant for Egil Haaland)		
Referent: Jarle Kåre Oen		

Saksnr	Sakstittel
1/17	Velkomen ved leiar Atle Dåvøy Runde rundt bordet der den einskilde fekk presentere seg.
2/17	Godkjenning av innkalling, saksliste <u>Vedtak:</u> Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.
3/17	Konstituering av utval for eigarskapsmodellar <u>Vedtak:</u> Utvalet vart konstituert med Kari-Anne Landro som nestleiar og Jarle Kåre Oen som møtesekretær.



4/17	<p>Gjennomgang av dokumentasjon som ligg ved innkallinga</p> <p>Ved innkallinga låg eigarskapsmeldingane frå dei tre kommunane og samlerapport med vedlegg frå arbeidsgruppa som la fram sak for førebuande fellesnemnd 24. april 2017. Vidare låg protokollar frå fellesnemnda sine siste møte ved innkallinga. Det vart ein generell drøfting av eigarskapskonstellasjonane slik dei er referert i samlerapporten. Diskusjonen var m.a. innom følgjande tema der fordelar og ulemper med noverande drift vart poengtert:</p> <ul style="list-style-type: none">- Fjell bustadstifting- Fjellvar og BIR- harmonisering- Brann – og redningsetaten- Museuma i dei tre kommunane- Korleis finna dei beste fellesløysingane for den nye kommunen- M. fleire <p>Representantar frå Fjell og Sund gav gode tilbakemeldingar på sine respektive selskap innan vatn, renovasjon og avløp.</p> <p>Leiaren gjekk også nærare gjennom mandatet for utvalet. Dei ulike punkta vart drøfta og utvalet tok mandatet til etterretning.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Utvalet tek utsendte dokument inkl. mandat og oppsummeringar til orientering.</p>
5/17	<p>Arbeidet vidare</p> <p><u>Arbeidsprosess</u></p> <p>Leiar gjorde greie for korleis han tenkjer seg metodikken rundt å koma fram til gode avgjerder for eigarskapsmodellar og organisering. Avgjerder skal underbyggjast med analyser som til dømes SWOT- metodikk. Analyser og anna faktagrunnlag som avgjerdene byggjer på vert vedlegg til sluttrapporten.</p> <p><u>Møteplan</u></p> <p>Utvalet fastsette slik møteplan for eigedomsutvalet for resten av 2017 og våren 2018:</p> <p>29. november 2017 12. desember 2017 4. januar 2018 25. januar 2018</p>



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

	<p>15. februar 2018 8. mars 2018 22. mars 2018</p> <p>Møtetid: kl. 09.00 -12.00 Møtestad: Prosjektlokala i Skjenet 2</p> <p><u>Prioriterte oppgaver til neste møte</u></p> <p>Til neste møte skal utvalet sjå nærare på :</p> <ul style="list-style-type: none">- dei ulike selskapa (AS), utfordringar (juridiske) med å slå desse saman- vidare drifting av bustadstiftinga- brann- og redningstenesta <p><u>Vedtak</u></p> <p>Utvalet vedtek samrøystes arbeidsprosess, møteplan og prioriterte oppgaver.</p>
6/17	<p>Ymse</p> <p>Møteleiar og sekretær utformar ei bestilling til Deloitte AS der ein ber om ei juridisk vurdering knytt til samanslåing av aktuelle selskap og drifting av bustadstiftinga. Det vert vidare lagt opp til at møteleiar og sekretær har arbeidsmøter mellom utvalsmøta etter behov.</p> <p>Skjenet 2, - 09.11.2017</p> <p>Jarle Kåre Oen Referent</p>